



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll

styreseminar og styremøte

Styreseminar i København 9. juni 2016 kl. 09.30–17.00

Styremøte på Schæffergården 10. juni 2016 kl. 09.30–15.00

Styremøte i Allkunne AS 15.15 og ekstraordinær generalforsamling i Allkunne AS 16.15

Til stades

Lodve Solholm (leiar), Grete Riise (nestleiar), Hilde Barstad, Brit Bildøen, Sæbjørn Forberg, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Øystein A. Vangsnes (rådsordførar, observatør), Geir S. Netland (sak 34-36, 39 og 45) og Gaute Øvereng (sak 34–36 og 45), Ottar Grepstad (sekretær)

Sakliste

Konstituering

- 26/2016 Innkalling og sakliste
- 27/2016 Godkjenning av protokollar

Saker til orientering

- 28/2016 Referatsaker
- 29/2016 Aktuelle saker
- 30/2016 Personalsaker

Vedtaksaker

- 31/2016 Rekneskap januar–april 2016
- 32/2016 Løyvingar frå Vinje-fondet 2016
- 33/2016 Vinje-senteret
- 34/2016 Einar Økland-huset
- 35/2016 Langtidsplan kulturprogram nr. 2 2017–2020
- 36/2016 Langtidsplan festivalar nr. 1 2017–2020
- 37/2016 Innkjøpsstrategi: forfattarar i prioriterte sjangrar
- 38/2016 Organisering av Allkunne
- 39/2016 Diktkammeret.no
- 40/2016 Aasen-skulptur

- 41/2016 Møteplan 2017
42/2016 Årleg perspektivmøte om nynorsk
43/2016 Innspel til stortingsvalprogramma
44/2016 Styre og råd på festivalar og kulturprogram

Drøftingssaker

- 45/2016 Gjestetal og gjesteprofil 2011–2015: ein analyse
46/2016 Resultatvurdering vårsesongen 2016
47/2016 Oppsummering og oppfølging styreseminar

Styreseminar

Delegasjon

Lodve Solholm, styreleiar
Grete Riise, nestleiar
Hilde Barstad, styremedlem
Brit Bildøen, styremedlem
Sæbjørn Forberg, styremedlem
Stina Aasen Lødemel, styremedlem
Jon Østbø, styremedlem
Øystein A. Vangsnes, rådsordførar
Ottar Grepstad, direktør
Geir S. Netland, dagleg leiar Hauge-senteret
Gaute Øvereng, dagleg leiar Aasen-tunet
Auhild Gregoriusdotter Rotevatn, dagleg leiar Allkunne AS
Oddny Nupen Aarflot, administrasjonssekretær

Program

09.30–11.00 **Status og utvikling for dansk språk**

Dansk Sprognævn

Møtestad: Worsaaesvej 19, 1972 Frederiksberg

Formann Jørn Lund og direktør Sabine Kirchmeier-Andersen

1. «Sprog på spil» - litt om innhaldet og mest om oppfølging og bruk
2. Utviklinga i dansk tale – er dansk blitt vanskeleg å forstå for ein del danskar?
3. Dansk rettskriving – er det debatt om dette, og endringar?
4. Forholdet mellom dansk og engelsk – press, ønskt utvikling, ei ikkje-sak?
5. Europeisk språkpolitikk – problem og tiltak

11.30–13.30 **Nordisk språkpolitikk i dag – status, resultat og problem**
Litteraturens rolle i nordisk språkfelleskap

Nordisk ministerråds sekretariat og Nordisk råds sekretariat

Møtestad: Ved Stranden 18, 1061 København K

Avdelingssjef Anders Geertsen, Nordisk ministerråds sekretariat

Seniorrådgivar Bodil Aurstad, Nordisk ministerråds sekretariat

Seniorrådgivar Michael Matz, Nordisk råds sekretariat

Vitskapleg medarbeidar Eva Theilgaard Brink, Foreningene Nordens forbund /
Nordisk språkkordinasjon

1. På kva måte er innvandring eit tema i nordisk språkpolitikk?
 2. Viktige resultat av arbeidet til Nordisk ministerråd med språk i Norden
 3. Presset frå engelsk i den digitale kvardagen
 4. Status og endring for minoritetsspråk i Norden
 5. Støtteordningar
1. Er der ein nordisk litteraturpolitikk?
 2. Kva betyr dei nordiske litteraturprisane?
 3. Lesing av nordisk litteratur i dei nordiske landa
 4. Grensekryssande arenaer for forfattarar i Norden – festivalar m.m.
 5. Støtteordningar

13.30 **Lunsj** Kanalcafeen

15.30–17.00 **Språkpolitikk i grenseland**

Dansk skoleforening for Sydslesvig

Møtestad: Dansk Sprognævn

Avdelingsleiar Olaf Runz

Historisk oversyn over dansk og tysk i grenseområdet

1. Ulik utdanningspolitikk i slike spørsmål i Danmark og Tyskland?
2. Kva betyr EU i slike grensespråk- og fleirspråklege saker?
3. Eventuelle problem i forvaltninga av avtalen mellom Danmark og Tyskland
4. Relevans for det moderne fleirspråklege Danmark

Kunstscena København

Vandring laurdag 11.6. 13.00–16.30 med kunsthistorikar Jorunn Veiteberg som guide.

Sakspapir

Presentasjon av institusjonane [frå nettstadene deira]

Ein liten nordisk språksans. Utdrag frå Otar Grepstad: Språksansen, allkunne.no

Jakob Vedelsby: "Dansk litteratur er ved at uddø", *Altinget* 26.5.2016

Per M.F. Sandsmark: «Å setja pris på Norden», *Minerva* 24.11.2015

Halvor Hegtun: «Hybelkanin er ikke noget, du kan holde i bur og fodre med gulerødder. Det er en mullemænd.» *A-Magasinet* 29.4.2016

Dansk Sprognævn: *Dansk sprogs status*, 2012 (eige dokument)

Konstituering

26/2016 Innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

27/2016 Godkjenning av protokollar

Vedtak

Protokollar frå styremøte 25.2.2016, konstituerande styremøte 25.2.2016 og telefonmøte 11.4.2016 er godkjende.

Saker til orientering

28/2016 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

29/2016 Aktuelle saker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

30/2016 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

31/2016 Rekneskap januar–april 2016

Vedtak

Styret tek rekneskapen januar–april 2016 og prognose for Ulvik poesifestival til vitende.

32/2016 Løyvingar Vinje-fondet 2016

Vedtak

A. Styret gjer slike vedtak om søknadene til Vinje-fondet i 2016 etter at søknad 01/16 var trekt av søkjaren:

02/16. Vinje-fondet kan ikkje vurdere nokon søknad før søkjaren har alle formalia på plass. Ein eventuell ny søknad vil bli vurdert i 2017 under føresetnad av at et formelle er avklara.

03/16. 1. Vinje-fondet løyver 50 000 kroner til Språkløft i Nordre. 2. Søkjaren blir tilrådd kompetansehevande tiltak som kurs eller rettleiing over tid. 3. Søkjaren blir oppmoda om å samarbeide med Romsdals Budstikke og Nynorsk avissenter om felles kurs eller andre kompetansehevande tiltak.

04/16. Prosjektet blir ikkje prioritert i 2016.

05/16. Prosjektet blir ikkje prioritert i 2016.

06/16. Søknaden fell utanfor retningslinjene for Vinje-fondet.

07/16. 1. Vinje-fondet løyver 50 000 kroner til språkleg kompetanseløft i prosjektet «Klimajournalistikk på nynorsk». 2. Søkjaren blir tilrådd kompetansehevande tiltak som kurs eller rettleiing over tid. 3. Søkjaren blir oppmoda om å samarbeide med Nordre og Nynorsk avissenter om felles kurs eller andre kompetansehevande tiltak.

08/16. Vinje-fondet løyver 80 000 kroner til prosjektet Ung her.

09/16. Vinje-fondet løyver 220 000 kroner til prosjektet Josimar på nynorsk i 2016.

10/16. 1. Prosjektet blir ikkje prioritert i 2016. 2. Søkjaren blir invitert til ein samtale om vidareutvikling av prosjekt som kan vere støtteverdige.

11/16. Prosjektet fell utanfor retningslinjene for Vinje-fondet.

B. I samsvar med førebels styrevedtak 1.10.2015 løyver Vinje-fondet 250 000 kroner til «Forskingsjournalistikk på nynorsk» i 2016.

C. Styret oppnemner på vanleg måte fagråd 2017–2018 på neste møte.

D. Styret drøftar eventuell endring av retningslinjene på neste møte.

33/2016 Vinje-senteret

Vedtak

1. Styret tek saksførelegg og drøfting til vitende.

2. Nynorsk kultursentrum bed Nynorsk Forum prioritere eit første driftstilskot på 1,2 millionar som eit av dei tre viktigaste nynorsktiltaka i statsbudsjettet 2017.
3. Styreleiar får fullmakt til å sende ein førebels søknad om investeringstilskot til Vinjesenteret i samråd med Vinje kommune.

34/2016 Einar Økland-huset

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum er prinsipielt positiv til initiativet frå Einar og Liv Marit Økland for å sikre Økland-huset med dei eineståande samlingane for ettertida gjennom eit samarbeid med Sunnhordland Museum.
2. Styret sluttar seg til hovudlinjene i saksførelegget og den vidare framdriftsplanen med sikte på ei første formell avklaring i juni 2017.
3. Styret bed rådet drøfte saka på møtet i september 2016 som ein del av det vidare arbeidet med saka frå administrasjonens side.

35/2016 Langtidsplan kulturprogram 2017–2020

Vedtak

Styret handsamar *Langtidsplan kulturprogram 2017–2020* på februarmøtet 2017. Vidare utsetjing blir ikkje gitt.

36/2016 Langtidsplan festivalar nr. 1 2017–2020

Vedtak

Styret handsamar *Langtidsplan festivalar nr. 1 2017–2020* på desembermøtet 2016. Vidare utsetjing blir ikkje gitt.

37/2016 Innkjøpsstrategi forfattarar i prioriterte sjangrar

Vedtak

1. Med dei tillegga som kom fram i møtet, sluttar styret seg til framlegget frå administrasjonen om kva forfattarskapar i ulike sjangrar Nynorsk kultursentrum bør ha mest mogleg komplette boksamlingar av.
2. Dei listene som no ligg føre over slike prioriteringar, bed styret om at direktøren oppdaterer annakvart år for administrativ bruk.

38/2016 Organisering av Allkunne

Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum ønskjer å føre vidare og styrkje drifta av Allkunne.no som eit tverrfagleg redigert, påliteleg og redaksjonelt sjølvstendig oppslagsverk på nynorsk.
2. Allkunne blir omorganisert til driftsavdeling i Nynorsk kultursentrum på linje med Aasen-tunet og Hauge-senteret.
3. Nynorsk kultursentrum tek over alle rettar og plikter i Allkunne AS frå og med 1.8.2016.
4. Styret godkjenner framlegg til redaksjonelle retningslinjer for Allkunne med dei merknadene som kom fram i møtet.
5. Stillinga som dagleg leiar i Allkunne blir lyst ut på vanleg måte, og tilsetjing blir gjort innanfor direktørens delegererte mynde.
6. Styret tek til vitende at stillinga som dagleg leiar blir lyst ut 22.6. med søknadsfrist 5.8.

39/2016 Diktkammeret.no

Vedtak

1. Styret tek statusrapport for utviklingsarbeidet for Diktkammeret til vitende og godkjenner den reviderte framdriftsplanen.
2. Den nye nettstaden blir presentert i ferdig form på styremøtet i desember 2016.

40/2016 Aasen-skulptur

Vedtak

Nynorsk kultursentrum set pris på initiativet til ein ny Aasen-statue, men takkar nei til førespurnaden om å plassere statuen i Aasen-tunet.

41/2016 Møteplan 2017

Vedtak

I 2017 har styret ordinære møte i Aasen-tunet 24.2., med styreseminar 8.–9.6., 29.9. og 8.12.

42/2016 Årleg perspektivmøte om nynorsk

Vedtak

1. I tråd med avtale på styreseminaret 2015 inviterer Nynorsk kultursentrum Noregs Mållag til møte i Oslo i oktober 2016 for å drøfte vidare oppfølging av hundreårserklæringa.
2. På bakgrunn av styrevedtak 1.10.2015 inviterer Nynorsk kultursentrum sentrale nynorskinstitusjonar til eit første perspektivmøte i Aasen-tunet 8.6.2017. Ei av sakene på det møtet blir eit forslag om å utvikle ei nynorsk tankesmie.

43/2016 Innspel til stortingsvalprogramma

Vedtak

På grunnlag av eksisterande dokument og drøftinga i møtet sender direktøren innspel til programkomiteane i det politiske partia innan 20.6.2016.

44/2016 Styre og råd på festivalar og kulturprogram

Vedtak

1. Faste medlemer og varamedlemer i styre og råd får fribillett til utstillingar, dessutan til arrangement i vår regi der det er plass.
2. Faste medlemer og varamedlemer i styre og råd får tilbod om å vere frivillige under festivalane på same vilkår som for andre frivillige.
3. Faste medlemer i styre og råd blir inviterte til opningshøgtidene for alle festivalar.
4. Kwart år vel faste styremedlemer og rådsordførar kva festivalar dei eventuelt ønskjer å vere med på, seinast to månader før festivalane opnar.
5. Kwart år vel varamedlemer i styret ein festival dei eventuelt ønskjer å vere med på, seinast to månader før festivalen opnar.
6. Festivalgjester frå styret får fribillett til tre arrangement etter ønske. Ut over dette går dei gratis inn på arrangement der det er plass.
7. Faste rådsmedlemer får ein fribillett til tre arrangement som blir valde ut av administrasjonen.
8. Styremedlemmer får dekt reise og opphald, får ikkje kostgodtgjersle, men får 50 prosent rabatt på mat frå eige kjøkken.
9. Desse reglane gjeld frå og med 1.7.2016.

Saker til drøfting

45/2016 Gjestetal og gjesteprofil 2011–2015

Vedtak

Styret tek saksførelegg og drøfting til vitende.

46/2016 Resultatvurdering vårsesongen 2016

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

47/2016 Oppsummering og oppfølging styreseminar

Vedtak

På grunnlag av drøftinga i møtet bed styret administrasjonen førebu sak om styreseminar i 2018 til styremøtet i september 2017.

Godkjend protokoll

Protokoll frå styreseminar 9.6.2016 og styremøte 10.6.2016 er godkjend i møte 30.9.2016.

Lodve Solholm

Grete Riise

Hilde Barstad

Brit Bildøen

Sæbjørn Forberg

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad